

Påminning om å ta livmorhalsprøve

Reminder of cervical smear - information in English, sami and other languages on our webpages: sjekkdeg.no

Du får dette brevet fordi det nå er tid for å ta livmorhalsprøve.

Vi tilrår at alle kvinner mellom **25 og 69 år** tek livmorhalsprøve **kvart 5. år** for å redusere risikoen for å utvikle livmorhalskreft. Dette gjeld òg om du ikkje har hatt fast partner eller samleie på mange år.


Dersom du nyleg har teke prøve, kan du sjå bort frå denne påminninga.

1.




Bestill time hos
din fastlege

2.



Ta
livmorhalsprøve

3.



Reduser risikoen
for å få
livmorhalskreft

4.



All informasjon
du treng, finn du i
dette brevet eller på
sjekkdeg.no

Vil du ikkje ta livmorhalsprøva hos fastlegen din?

Spør legekantoret om ein annan lege kan ta prøva. Du kan òg ta prøva hos gynekolog eller jordmor.

Spør om HPV heimetest om du synest det er vanskeleg med gynekologisk undersøking

Vi veit at nokre synest ei gynekologisk undersøking er vanskeleg. Snakk gjerne med fastlegen din om dette gjeld deg. Kanskje ein HPV heimetest kan vere eit alternativ? Det er ein enkel test du tek sjølv.

Har du symptom frå underlivet?

Kontakt lege dersom du har symptom som illeluktande eller blodig utflod, uregelmessige blødingar eller vedvarande smerter i underlivet. Gjer dette uavhengig av når du sist tok prøve.




Livmorhals
programmet

Mer informasjon på neste side

Kvifor testar vi for Humant papillomavirus (HPV)?

Målet med livmorhalsprøva er å oppdage ein mogleg HPV-infeksjon. Over tid kan ein HPV-infeksjon føre til celleforandringar på livmorhalsen. Celleforandringar er ikkje det same som kreft, men dei kan vere forstadium til kreft som kan behandlast. Dei fleste celleforandringar går over av seg sjølve, men alvorlege celleforandringar må behandlast for å hindre at dei utviklar seg til kreft. Det er viktig å ta livmorhalsprøva fordi du som regel ikkje merkar om du har HPV eller celleforandringar. Livmorhalsprøva sjekkar berre om du har HPV eller ikkje. Ta derfor alltid kontakt med legen din dersom du har symptom som kan kome av andre ting.

Viktig å vite om HPV og celleforandringar



Viktig å tenkje på før du tek prøva

- Unngå bruk av tampongar, alle typer vaginale kremar og medisinar det siste døgnet før prøvetaking. Ellers kan prøveresultatet bli feil.
- Vent med prøva dersom du har menstruasjon.

Korleis tek du livmorhalsprøve?

Prøva blir tatt ved ei gynekologisk undersøking som varer nokre få minutt. Det skal ikkje gjere vondt, men nokre synest det kan vere litt ubehageleg. Prøva blir sendt til eit laboratorium for HPV-testing. Den som tok prøva gir deg svar etter om lag tre veker. Ta kontakt om du ikkje høyrer noko. På nettsidene våre kan du sjå film om korleis prøva blir teken. Du betaler eigendel for undersøkinga.

Drift, personvern og reservasjon

Kreftregisteret ved Folkehelseinstituttet (FHI) driv Livmorhalsprogrammet og lagrar opplysningar om prøvesvara dine. Du kan reservere deg mot at Kreftregisteret lagrar opplysningar ved normale funn. Du kan òg motsette deg at Kreftregisteret deler prøvehistorikken din med helsepersonell som ber om det for å følgje deg opp. Du har rett til innsyn i opplysningar som er registrerte om deg.

Har du fjerna livmora, snakk med legen din om det er naudsynt å ta livmorhalsprøve. Du kan reservere deg mot å få brev på nettsidene våre.

Les meir om HPV, celleforandringar og livmorhalsprøva på sjekkdeg.no

Venleg helsing

Livmorhalsprogrammet

Telefon: 21 07 70 00 (12.00-14.30)

